


*VELKOMMEN TIL ELEVÅR OG
FORELDRE I 3. OG 4. KLASSE
skuleåret 2019-2020.*



Eg er Elin, og eg skal vera kontaktlærar for klassen.

De veit kven eg er, og de kjenner meg mest frå bassenget.

3. klasse-elevane kjenner meg meir frå timar i 2. klasse.

No er eg spent og gleder meg til å verta meir kjend med kvar enkelt. Eg er sikker på at de kan og veit mykje allereie, så det vil eg gjerne at de skal visa meg og fortelja om.

I starten skal me finna ut av korleis me skal ha det i klasserommet og ute og korleis me skal vera med kvarandre slik at alle får eit kjekt år der me kan læra meir. Der har de sikkert mange gode idear ☺

Ida og Linn Merethe og Veslava skal også arbeida saman med oss.

Eg ønskjer meg eit tett samarbeid med foreldra, at me kan snakkast om små og større saker som dukkar opp i kvardagane. No i starten er det nokre ting eg vil be om:

*ha med innesko og byttetøy

*ha bokbind på skulen sine bøker når dei kjem i sekken

*ha klart utstyr til uteskule: varme klede, sko, støvlar, regntøy, drikkeflaske og tursekk som har plass til litt meir enn maten.

*Lesa infohefte som elevane har fått heim og levera tilbake skjema.
Elevane får all info inn i den raude permen.

*snakka med barnet om skuledagane deira slik at me veit at alle har det fint. Ta kontakt med skulen om de treng å snakka med oss om noko.



Vennleg helsing Elin Nøttveit